



## Saksprotokoll

**Organ:** Fylkestinget

**Møtedato:** 14.06.2016

**Sak nr.:** 15/8205-8

**Internt l.nr.** 20677/16

**Sak:** 15/16

**Tittel:** **Etablering av eit regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet**

**Behandling:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget viser til notatet «Etablering av regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet», jf. vedlegg 1. Fylkestinget vedtek å etablere eit regionalt bompengeselskap, Sørvest Vegfinans AS, for bompengeregionen Sørlandet og Vestlandet heileigd av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder, i samsvar med føresetnadane i notatet.
2. Fylkestinget sluttar seg til dei utarbeidde vedtektene med føreslått aksjefordeling for Sørvest Vegfinans AS. Jf. vedlegg 2.
3. Fylkestinget løyver kr. 100 000,- i aksjekapital (100 aksjar á kr. 1 000) til Sørvest Vegfinans AS. Løyvinga vert finansiert av driftsmidlar overført til investering. Naudsynte endringar i drifts- og investeringsbudsjettet som følgje av dette vert innarbeidd i tertialrapport 1/16.

Fylkestinget legg til grunn at dei andre eigarane løyver den resterande aksjekapitalen (dvs. tilsaman 5 x 100 aksjar á kr. 1 000).

4. Fylkestinget ser det som naudsynt at Sørvest Vegfinans AS raskt kjem i gong med å fusjonere inn aktuelle bompengeselskap. Fylkestinget ønskjer at selskapet Førdepakken Bomselskap AS vert prioritert tidleg for innfusjonering i det regionale bompengeselskapet.

**Endringsframlegg:**

**Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti** sette fram slikt framlegg til nytt punkt 5:

Dei regionale bompengeselskapa og organiseringa av desse vert evaluert innan 2021. Vesentlege punkt i denne evalueringa bør vere:

- har det blitt mindre byråkrati knytt til bompengeneinnkrevjing og prosjektering
- har det medført mindre kostnader til administrasjon

**Avrøysting:**

Tilrådinga frå fylkesutvalet i punkt 1 – 4 vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti vart samrøystes vedteken.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Fylkestinget viser til notatet «Etablering av regionalt bompengeselskap for Vestlandet og Sørlandet», jf. vedlegg 1. Fylkestinget vedtek å etablere eit regionalt bompengeselskap, Sørvest Vegfinans AS, for bompengeregionen Sørlandet og Vestlandet heileigd av fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Hordaland, Rogaland, Vest Agder og Aust Agder, i samsvar med føresetnadane i notatet.
2. Fylkestinget sluttar seg til dei utarbeidde vedtektene med føreslått aksjefordeling for Sørvest Vegfinans AS. Jf. vedlegg 2.
3. Fylkestinget løyver kr. 100 000,- i aksjekapital (100 aksjar á kr. 1 000) til Sørvest Vegfinans AS. Løyvinga vert finansiert av driftsmidlar overført til investering. Naudsynte endringar i drifts- og investeringsbudsjettet som følgje av dette vert innarbeidd i tertialrapport 1/16.

Fylkestinget legg til grunn at dei andre eigarane løyver den resterande aksjekapitalen (dvs. tilsaman 5 x 100 aksjar á kr. 1 000).

4. Fylkestinget ser det som naudsynt at Sørvest Vegfinans AS raskt kjem i gong med å fusjonere inn aktuelle bompengeselskap. Fylkestinget ønskjer at selskapet Førdepakken Bomselskap AS vert prioritert tidleg for innfusjonering i det regionale bompengeselskapet.
5. Dei regionale bompengeselskapa og organiseringa av desse vert evaluert innan 2021. Vesentlege punkt i denne evalueringa bør vere:
  - har det blitt mindre byråkrati knytt til bompengeneinnkrevjing og prosjektering
  - har det medført mindre kostnader til administrasjon